

Møtereferat

Til: Regionalt brukarutval (RBU) i Helse Vest

Til stede: Linn Bæra, Gunnar Ekeland, Grete Müller, Magnus Heggø (vara), Kari Toftøy-Andersen, Merete Hauge, Kristoffer Skjolden, Karl Olaf Sundfør, Jostein Bildøy, Henrik Aasved, Charlotta Schaefer (sekretær).

Forfall: Gunnar Ekeland, Kristoffer Skjolden

Møteleiar: Leiar Linn Bæra

Møtedato: 02.05.2017

Klokkeslett: 09.45-14.45


Møtenr: 4/17

Møtestad: Helse Vest RHF, Møterom Kjerag

Arkivref: -

Saksnr.	Emne	Ansvarlig
34/17	<p>Godkjenning av innkalling, og melding av eventuelt-saker.</p> <p>Innkalling godkjent. Ingen kommentarar.</p>	Leiar Linn Bæra
35/17	<p>Referat frå førre møte i RBU den 27. mars 2017.</p> <p>Referat godkjent. Ingen kommentarar.</p>	Leiar
36/17	<p>Deltaking i arbeidsgrupper</p> <p>RBU-medlemmar rapporterte frå utval, nettverk og arbeidsgrupper der dei representerer RBU.</p> <p>Henrik Aasved- Deltek i pakkeforløp kreft, nettverk lungerehabilitering og nettverk pasienterfaringsundersøkelse. Har blitt godt tatt imot i alle arbeidsgrupper.</p> <p>Kari Toftøy-Andersen- Deltek i programgruppa for Program for pasienttryggleik, læring- og meistringnettverk og kompetansenettverk CFS/ME. Skal på konferanse med læring- og meistring i juni. Kompetansenettverk CFS/ME skal lage handlingsplan men arbeide har vore krevjande. Stort forfall i gruppa. Tidligere handlingsplan blir ikkje følgt opp.</p> <p>Merete Hauge- Deltek i prosjektgruppe for Sykehusbygg HF og kompetansenettverk CFS/ME. Har fått retningslinjer CFS/ME for barn frå Helse Bergen og pasientforening har gitt innspel. Mye politikk med i bilde. Har foreløpig ikkje vore noko møte med Sykehusbygg HF.</p> <p>Grete Müller- Har deltatt på lærings- og meistringsnettverket i 3 år. Erfaringsutveksling i Bergen i mars.</p> <p>Observatør i Pasientreiser HF sitt brukarpanel. Vanskelig å ta opp enkeltsaker då dei ikkje har ansvar for kontoret</p>	Leiar

	<p>på Vestlandet.</p> <p>Jostein Bildøy - orienterer om møte i leddproteseregistret. Deltok også i Kompetansenettverk for flyktninger.</p> <p>Leddproteseregistre- første møte i april. Informasjon om nasjonal- og internasjonalt innsamling av data. Dataen skal kvalitetssikre behandling. Det er ikkje samstemmigheit mellom rapporterte data frå dei ulike RHFa. Jostein bidrar på jubileum/fagkonferanse for leddproteseregistre i haust og skal då be om å få halde innlegg.</p> <p>Karl Olaf Sundfør- Har ennå ikkje blitt tildelt nokon oppgåve.</p> <p>Kristoffer Skjolden- Er vara for Merete i prosjekt Sykehusbygg HF, men det har ikkje vore nokon møter.</p> <p>Gunnar Ekeland – Har ennå ikkje blitt tildelt nokon oppgåve.</p> <p>Linn Bæra– Sitt i styringsgruppa for Program pasienttryggleik. Korte greie møter.</p> <p>KULE – vanskelig å være brukarstemme. Forsøker å fremmer at kvalitet må gå føre hastighet.</p> <p>Alle møter styringsgruppe – mye spennandes som skjer.</p> <p>Difi – et møte i året om kommunikasjon med pasientar.</p> <p>Fødetryggleik – Saker det arbeidas med: ansvarsfordeling og ta i bruk sjekklister. Utfordringar: ferieavvikling.</p> <p>Legemiddelsamstemning – prosjekt som snart avsluttas.</p> <p><u>Prosedyre for å melde saker til RBU-møte</u></p> <p>Saker som skal handsames på RBU-møter meldes til leiar/nest-leiar og sekretær med skriftlig notat, senast ei veke før møtet.</p>	
37/17	<p>Invitasjonar til brukarutvala</p> <p>Pasienttryggleiksprogrammet inviterer til læringsnettverk i brukarmedverknad. Læringsnettverket skal bidra til god kommunikasjon og trygg innkomst- og utskriving i sjukehus.</p> <p>Invitasjon for å delta er sendt til helseføretaka. RBU orienteras om arbeida og håper at avdelingar frå Helse Vest melder seg på.</p> <p>RBU meinte det kan ver hensiktsmessig med to brukar representantar i slike prosjekt.</p>	Leiar
38/17	<p>Orientering/brev til/frå RBU</p> <ul style="list-style-type: none"> • Fellessamling for brukarutvala i Helse Vest planleggjas 29.-30. august på Scandic Ørnen Bergen. <p>Tre tema blir foreslått: <i>kvalitetsindikatorar,</i></p>	Leiar

	<p><i>samvalsverktøy og overgang frå spesialisthelsetenesta til kommune.</i> Desse tema eignar seg i jobba med i work-shop format. Det blir sagt at RBU bør følgje med på utviklinga av samvalsverktøy i Helse Vest. Det kan sjåast ut som arbeida ikkje har komme i gong.</p> <p>Leiar og nest-leiar frå ungdomsråda skal inviteras til samlinga.</p> <p>Erik M. Hansen har takke ja til å starta samlinga med foredrag om informasjonstryggleik. RBU foreslår at Anne Marie Landmark, lingvist frå UiO blir invitert til å snakke om reell brukarmedverknad og Christian Mosul frå Helse Førde, vinner av Kvalitetsprisen, inviteras til å halde foredrag. Leiar for KS blir også foreslått med tanke på utskrivning frå sjukehus til kommune.</p> <p>RBU melder seg på til Charlotta Schaefer innan 14. juni. Sekretær sender invitasjon til helseføretaka.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Barn med diabetes 1 – FreeStyle Libre Gunnar Ekeland har meldt saka. Det gjelder et prøveprosjekt med å måle insulin utan nålestikk. Plaster FreeStyle Libre har vore prøvt ut i Helse Vest 1 månad og familiar som hatt god erfaring med FreeStyle Libre må nu dekkja kostnader sjølve. FreeStyle Libre blei sendt til metodevurderingar i 2016. RBU vil rette en førespurnad til fagdirektør Baard-Christian Schem for å finne ut korleis Bestillerforum arbeidar med saka. • Brev om HelseOmsorg21 Linn Bæra svarer for RBU og tar kontakt med RBU-medlemmer om det er behov. 	
39/17	<p>Pasientdialog – strategi for kommunikasjon</p> <p>Finn Olav Mjærum, prosjektleiar i Helse Vest, gjorde greie for et nytt prosjekt om kommunikasjon.</p>  <p>Målbilde pasientdialog - preser</p> <p>Pasientens oppleving som mottakar av informasjon. Trenger vi et mål-bilete for pasientdialog? Helsevesenet treng ei rettleiing om kva kommunikasjonskanalar som er greie å bruka med pasientar. Unge i dag brukar i mindre grad e-post, enn kva vaksne gjer. Rette tiltak mot helsepersonell - det er dei som må</p>	Finn Olav Mjærum / Helse Vest RHF

	forbetra kommunikasjonen sin med pasientane.	
40/17	<p>Gjennomgang av aktuelle styresaker</p> <p>Ved kommunikasjonsdirektør Bente Aae. Data om tvangsinnleggingar er eit nytt punkt under sak <i>Rapportering frå verksemda</i>.</p> <p>RBU tar opp at det er viktig at pasientrapporterte data brukast som kvalitetsindikator.</p>	Bente Aae/ Helse Vest RHF
41/17	<p>RBU sin time</p> <p>Handsamar sak om barn med diabetes og førespurnad frå HelseOmsorg21, frå sak 28/17</p>	Leiar Linn Bæra
EVT.	<p>Pasientreiser</p> <p>Saka meldt av Kristoffer Skjolden. Mindre enn 30-35 prosent av dei som har rett på refusjon frå Pasientreiser søkjer om å få dekkja sine utgifter. Kan RBU fremme dei reisandes sak om at fleir får informasjon om at dei har rett på refusjon. Mange eldre taper pengar på dette. Fleir må få informasjon om korleis dei skal søkje og eldre som ikkje beherskar digitale løysingar må få støtte til å fylde ut refusjonsutlegg og reiserekning.</p> <p>Det finnes eit Pasientreisekontor i kvar region, altså fire i landet. (Tidligare var det 18 kontorar). Fram til neste år er det RHF-a som har styring over sitt pasientreisekontor. Helse Vest sitt kontor har lengst saksbehandlingstid i landet. Det er problem med Pasientreiser regionalt og lokalt (Stavanger).</p> <p>RBU skal skrive brev til leiargruppa i Helse Vest om saka.</p>	Leiar Linn Bæra

Neste RBU-møte i Helse Vest er 14. juni 2017 Forus, Stavanger.